


† KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 1 PÅSKE 2008

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve, Haus
Tlf: 56 39 00 11 - 92 65 35 21
Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes - tlf: 56 39 00 11
Organist Liv Skoglund - tlf: 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellestråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Anne Mari Persen
Jostein T. Reigstad, Tove Mostrøm Fjeldstad,
Frode Johnsen, Johannes Melve,
Alf R. Kallestein

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Oddmund Vevle
Hosanger: Katja Litland
Hamre: Tove Klepsvik
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Johannes Melve

Kyrkjehelsing redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 47 61 81 24
E-mail: kristofferfo@gmail.com
Johannes Melve, Elna Mjelstad, Øyvind Vevle
Layout: Oda Karoline Foldøy



På forsida ser vi påskedramaet framstilt av den italienske målarer Duccio frå Siena. Han laga biletet i 1308 til katedralen i byen. Framstillinga er ein del av eit større arbeid med mange motiv som i om lag to hundre år stod på høgalteret i domkyrkja. No finn vi biletet på andre sida av domkyrkjeplassen, i museet der.

Framfor Jesus og dei to krossfeste røvarane er det ein folkemasse som er delt i to. Til venstre ser vi Jesus sine tilhengjarar, i sorg over det som skjer. Maria, mor til Jesus står i mørk blå kappe og Maria Magdalena har raud drakt og håret hengjande laust. Til høgre står Jesus sine motstandarar, øvsteprestar og soldatar som spottar og hånar.

Eit kunstverk som dette er laga for å røra noko i oss. Biletet er akkurat 700 år gammalt i år, og likevel kan vi lesa informasjonen det sender ut på same vis som dei gjorde den gongen då biletet blei bore i prosesjon gjennom byen Siena frå verkstaden til domkyrkja medan kyrkjeklokkene ringde frå alle tårn.

Dersom de møter opp i Hamre kyrkje på langfredag, vil de kunna oppleve påskebodskapen formidla gjennom musikk. Konserten er presentert lenger bak i bladet. Musikk og målarer er to formidlingsmåtar som kan tala til oss i eit tidlaust språk, utan at forvanskande ord og talemåtar stengjer for bodskapen.

- Kristoffer Foldøy

HUGS FASTEAKSJONEN!



(Aksjonsdato kan variere lokalt)

SENTRUM

Andakt v/ Johannes Melve

I dag vil du oppleve at mange stader fører vegane deg utanom sentrum. I sentrum er det ofte for vanskeleg å ta seg fram. No vil eg at du skal koma inn til sentrum.

Påske er sentrum i all kristendom. Jol er nødvendig og pinse er nødvendig, men i sentrum for kristen tru står påsken. For kristendom er tru på Jesus. Det er uråd å ta med berre jol, eller berre pinse, alt heng saman og må høyra med i den kristne trua. Jola har eit stort grep om menneske, og pinsebodskapen er lite påakta, men den viktigaste kristne høgtida er påsken. For påsken fortel om Jesu verk, det han gjorde for deg då han døydde og stod opp.

Vår kristendomsform har vore skulda for å vera mest oppteken av langfredag. Det er nok rett at langfredag ofte har fått ein for dominerande plass i høve til påskedag. Triumfen og gleda påskedag har hatt vanskeleg for å slå heilt igjennom hjå oss. Dei to dagane heng saman og kastar gjensidig ljøs over kvarandre. Utan langfredag har ikkje påskedags oppstode meining. Utan påskedag er langfredag berre ein tragisk slutt for eit stort og fint menneske.

Krossen finn du i alle kyrkjer. Jesu merke er framfor alt krossen. Romarane brukte å hengja forbrytarar på ein kross.

Krossen var berre for forbrytarar, ikkje for romerske

borgarar.

For jødane var det ei forbanning å verta hengd på eit tre.

Så har krossen likevel vorte symbolet me kristne brukar for å minnast at Jesus leid, døydde og stod opp frå dei døde. Forbanninga er snudd til velsigning. Påskedag


er dagen då alt snudde. Gud reiste Jesus opp av grava, tvert imot all røynsle og fornuft. Krossen er ikkje berre symbolet for død. Han er symbolet for Livet.

No er Kristus oppstaden frå dei døde, skreiv Paulus i 1. Kor 15,20. Alt står og fell med oppstoda. *Har ikkje Kristus stått opp, då er trua dykkar gagnlaus, og de er enno i syndene dykkar.* Så avgjerande er oppstoda. Det er ikkje eventyr og oppdikta forteljingar trua byggjer på, men ei hendring som snudde alt. Jesus er oppstaden. Han lever. Kristen tru dyrkar ikkje ein død helt, men ein levande Frelsar. Han som engelen sa det om jolenatt: *I dag er det fødd dykk ein Frelsar,*

han lever i dag og er Frelsar framleis.

Påskedag syng me: *Deg være ære, Herre over dødens makt.* Påsken fortel at dødens makt er stor.

Dødens makt kjenner me så altfor godt. Påskedag fortel at her er ein som har sigra over døden; han er døden sin overmann. Difor er det meining i orda Jesus sa: **Eg lever og de skal leva** (Joh.14,19). Jesus lever ! I trua på han skal du få leva.



KYRKJEVERJA INFORMERER

ARBEID I GUDSTENESTEUTVALET

Som informert om tidlegare, har kyrkjeleg fellestråd nedsatt eit gudstenesteutval med følgjande mandat:

” Gudstenesteutvalet arbeider med overordna spørsmål for gudstenestelivet i Osterøy.

Utvalet skal utarbeide forslag til ein samordna gudstenesteplan for dei ulike sokna og kan ellers arbeida med generelle/ praktiske spørsmål vedrørande gudstenestene og med utvikling av gudstenestelivet.”

Gudstenesteplanen for Osterøy er godkjent av Bjørgvin biskop og trådte i kraft 1. september 2007.

Etter at arbeidet med ny gudstenesteplan var ferdig, har utvalet teke fatt på andre spørsmål som vi skal arbeide vidare med. Under vil vi kort gjere greie for drøftingar rundt desse sakene.

DÅPI I GUDSTENESTA

Det er ulik praksis i prestegjeldet når det gjeld dåpsplassering i gudstenesta.

Nokre sokn har dåpen først i gudstenesta, medan andre har han til slutt.

Det hadde vore hensiktsmessig om vi hadde eins praksis på dette og at dette kanskje bør vera til å begynne med i vanlege høgmesse. Det er ikkje teke nokon bestemmelse, men vi drøfter saka vidare.

NATTVERD

Vi må prøve å leggje opp til at det er nattverd i ei av kyrkjene på Osterøy kvar sundag.

Dette klarer vi nesten kvar sundag, men det er nokre sundagar i kyrkjeåret der dette kan by på problemer. Men regelen må vera at det er nattverd kvar sundag. Det blir meir og meir vanleg at born går til nattverd. Den eldre garde har vokse opp med at til nattverd kunne ein gå til etter at ein var konfirmert. Dette er endr i den seinare tid, og vi vil prøve å få til informasjon om barn og nattverd i “Kyrkjehelsing”.

Ved spesielle høve og med svært mange nattverdsgjester til stade, vil vi feire nattverd med intinksjon. Dette er ei nattverdsform der vi får oblat utlevert av prest og sjølv dyppe oblaten i vin med helsingorda.

FELLES GUDSTENESTENE

Dette er nye samlingar som er med i den nye gudstenesteplanen. Vanligvis er det kun ei gudsteneste på Osterøy dei søndagane det er fellesgudsteneste. Tanken er at alle gudstenestedeltakarane samlar seg desse sundagane i ei kyrkje. Vi har enda ikkje funne heilt formen på desse samlingane, men vi arbeider vidare med innhald, annonsering, transport og om vi skal få til noko sosialt utover sjølve gudstenesta ved nokre av desse samlingane.

ÅRSMØTER I KYRKJELYDANE

Hamre sokn:	9. mars 2008
Haus sokn:	30. mars 2008
Gjerstad sokn:	13. april 2008
Bruvik sokn:	20. april 2008
Hosanger sokn:	ikkje fastlagt



KONFIRMANTLEIR PÅ KVAMSETER

I år var nesten alle konfirmantane frå Osterøy på konfirmantleir, fordelt på dei to siste helgene i januar. Konfirmantleiren har blitt ein obligatorisk del av konfirmantførebuinga. Litt meir undervisning har det vorte, men og rikeleg med tid til andre ting, til dømes å stå i kioskkø for å kjøpe snop, ete godteri og anna god mat, stå på ski, leike og vere saman med vener.

Tekst og foto: Inge Sørheim

Eit gjennomgåande tema på denne leiren var å bli kjent med Kristuskransen. Kvar konfirmant fekk kvar sin krans – eit perleband med 18 perler med ulike form og farge. Dette er ein bønnekrans eller ein meditasjonskrans som gir oss hjelp til å leve nær menneske og Gud. Dei 10 boda og det dobbelte kjærleiksbodet var tema for samlingane, og dei to raude kjærleiksperlene på Kristuskransen tok vi ofte fram. Ei perle som symbol for vår kjærleik til Gud, og ei perle som symbol for kjærleik mot nesten vår.

Det å vere med på konfirmantleir er verdifullt for både konfirmantar og leiarar. Vi hadde mange fine møtepunkt som ikkje berre var prega av undervisning. Blant leiarane var og medlemmar av Unge Kristne på Osterøy, og dei var flinke til å synleggjere kva det vil seie å vere ung og å vere kristen.



Skidag: Klar for ein dag i skibakken i Eikedalen.



Konfirmantane fekk i oppgåve å framstille nokre av dei 10 bodorda. Her er kanskje eit av dei siste boda framstilt.

”Dag med solskin utan sky”

med ein og annan skoddedott - nett som livet elles

Ja, slik var vêrmeldinga på dagen for ei inspirasjonssamling kring trusopplæringa for kyrkjelydane i Nordhordland. Her møtte nok i hovudsak kjernetroppane då festsalen ved folkehøgskulen vart fylt opp. Hovudinnleiar var barne- og inspirasjonsbispes Ole D. Hagesæther. For han vart dette og ei slags avskil med Nordhordland, sjølv om han no som pensjonist skal busetje seg i hjarta av Nordhordland, nemlig i Knarvik. Me Ostringar koste oss, då han innleiingsvis beskreib utsikta frå sitt nye stoveglas!

Tekst og foto: Åge Clausen

Hagesæter kan dette med å formidle og begeistre. Den som reiste heim att frå Frekhaug denne sundagen utan begeistring, har ei ekstra utfordring.

”Har du godt i tanken, kan du lyfte augo dine” det er ein av målsettingane med trusopplæringa, innleia Hagesæther. ”Trusopplæringa samlar oss til Jesus begeistring”, heldt han fram. Difor hadde bispedøme under hans leiing lagt til grunn slagordet: ”Saman skal vi gjere Kristus kjend,

trudd, elska og etterfylgd”. Og vi må heile tida sei til oss sjølv at no er det borna sin tur. Korleis skal dei kome til tru om dei ikkje får kunnskap og kjennskap til kjernen i trua. I og med endringane i skulen sitt oppdrag, har kyrkja fått eit omfattande ansvar for å sikre denne delen av vår kristne kulturarv.

Lokale kyrkjelydar har dermed fått eit utvida ansvar som me må ta på alvor. Biskopen gav eit godt døme på dette i fylgjande vesle historie: Ein søndag tok han og kona seg ein tur til Hundvin. (Ein av dei 8 kyrkjelydane i Lindås). Biskopen tar stundom slike ikkje offisielle turar til ei gudsteneste. Dei sat der på benkerada si og då dei i gudstenesta kom til skriftlesinga kom det fram to gutar og ei vaksen dame. (Kanskje kateketen?) Ho hadde tilretteleggjarrolla. Passa på at mikrofonen var rett stilt inn og at gutane sto nær nok. Gutane framførde si skriftlesing etter beste evne. Det vart likevel ei deltaking og ei samhandling mellom desse tre som gjorde det heile til ei flott oppleving. Ei flott oppleving om Guds ord og ei flott oppleving om kva deltaking og samhandling inneber. ”Saman skal me gjere Kristus


kjend” – vart demonstrert i Hundvinkyrkja denne søndagen!

Biskopen sin inspirerende slutt-sats treffe oss alle, sjølv om han faktisk oppfordra pensjonistar og nestenpensjonistar som seg sjølv mest: ”Du skal leggje nok igjen i kyrkjelyden”. Var det berre eg som hørde ljomen av orda ”deltaking, deltaking, deltaking” Kvar og ein av oss med våre ressursar, evner, tid og engasjement?

Dette fekk me enno tydelegare understreka i fleire små seminar etter felles middag. Her fekk deltakarane høve til å høyre om: ”Trusopplæring og veggen vidare”, ”Gjevarteneste – slik gjer vi det”. ”Korleis kan kyrkjelyden bli sunnare” og Trusformidling til unge”.

Denne fine morsdags-sundagen på Frekhaug med sol og skodde fekk ei verdig og fin avrunding med familiegudsteneste, der vår eigen Inge Sørheim var liturg og biskopen igjen gav oss ein leksjon i levande trusopplæring.

Jau, me kan visst ”Gå i fred – ten Herren med glede”.....



Biskopen fekk ein treffande ”strek” frå Kåre Eikeland i gåve frå kyrkjelydane i Nordhordland.



Og ostringane var godt representert!

PRESTEN FRÅ SVEIO

”Kyrkjehelsing” vil framover presentera personar som har avslutta sine kyrkjelege oppgåver på Osterøy, og høyra kva dei har brukt tida til etter dei drog herifrå.

Først ute er Harald Grønnevik, som tok til i tenesta som residerande kapellan i Osterøy i 1975.

Tekst: Kristoffer Foldøy

Eg finn telefonnummeret hans, trykkjer inn tala som høyrer til i Sund på Sotra, og får han straks på tråden. Stemma er den same som før, sunnhordalandsdialekten er uforandra, og då eg kjem fram med ærendet mitt er han straks positiv til ein artikkel i kyrkjebladet.

”Passar fint no,” seier han.” Eg tok til på Osterøy i 1975 og er 62 år i haust.”

Prest for 6000 menneske

Eg vert litt overraska, har alltid tenkt på han som ein ung mann, men det var sjølvsagt den gongen han hadde teneste her.

Stemma hans høyrest framleis like ung ut som då, like vaken og observant. Og han står midt i tenesta si. Eg ringjer ein laurdag, og han skal førebu seg til dagen etter. Vi avtalar å snakka vidare tysdagen.


Harald Grønnevik er sokneprest i Sund, hordalandskommunen som skal vera den beste å bu i, om ein skal tru ei fersk måling frå ”Bergens Tidende”. Her har han halde til dei siste seks åra, er prest for 6000 menneske og har arbeidet sitt fordelt på dei to kyrkjene der.

Førde i Sveio var staden han vaks opp, og då han skulle starta pre-

stegjeringa si etter endt studium våren 1975, såg han seg om etter ein stad som kunne likna litt på denne. Først fekk han tilbod om å vera sokneprest i Selje.

Trivdes på Osterøy

”Eg ville helst ikkje bli sokneprest som fersk nyutdanna. Då Osterøy hadde ledig stillinga som residerande kapellan, søkte eg der.



Slik vi hugsar han: Harald i svart prestekjole og pipekrage.

Eg var forresten einaste søkjaren”.

I Hosanger prestegard blei han og familien buande i nokså nøyaktig fem år.

Første gudstenesta hadde han på Hamre 10. august 1975, og avskilgudstenesta i 1980 var også i august månad.

”Osterøy var eit godt val, og vi hadde nokre gode år der, eg og familien. Eg fann meg godt til rette, likte folket, naturen og kyrkjene.”

Til Liverpool

Men han hadde eit ønske om å

prøva seg som sjømannsprest. Då sjansen baud seg, søkte han prestestillinga som var ledig ved sjømannskyrkja i Liverpool, og blei tilsett der. Dermed flytta familien Grønnevik, som no var blitt fire, til den kjende engelske hamnebyen. Her var det framleis mykje båttrafikk, om lag 400 norske skip var innom hamna kvart år, og mange fartøy blei liggjande i dokkane lenge. Då vart det besøk i kyrkja, som i tillegg til presten hadde tilsett ein assistent og ei husmor. Ein av dei besøkande var Johannes Kleppevik, han var matros på ”Havstril” og hadde med seg gitaren då han var innom.

Halvparten av dei som kom innom var norske krigsseglarar, som hadde slege seg ned i byen. Under andre verdskrigen var Liverpool utgangspunktet for mange konvoiar.

”Krigsseilarane var i alderen frå 65 år og oppover. Dei ville helst sleppa å snakka om krigen

Det var for mange vonde minne. Mange hadde funne seg ektemakar frå Liverpoolområdet.”

På Rennesøy i 18 år

I godt og vel tre år var Harald Grønnevik sjømannsprest. Seinare har han også i kortare periodar vore innom og hatt oppdrag der. ”Så søkte eg meg til ein ny stad eg ikkje visste noko særleg om. Hadde sett dette øylandskapet frå båten mellom Skudenes og Stavanger, med Utstein kloster og dei grøne grasbakkane. Det var Rennesøy i Rogaland, og der blei eg verande som sokneprest i 18 år. Me treivst svært godt der og.



Sørbø kyrkje på Rennesøy frå 1130 er eit av dei eldste kyrkjebygg i landet.



Sund kyrkje frå 1997 er reist på tomta der gamlekyrkja brann i 1994.

Staselege hus og kyrkjer

Det har vore så heldigt med prestestadene, alle plasser er det staselege hus. På Hosanger, Rennesøy og i Sund. I Liverpool var det fint også.”

Han budde på Rennesøy i den perioden øykommunen blei landfast, eller Rennfast, som sambandet heiter. Her gjorde han teneste mellom anna i to mellomalderkyrkjer.

”Det er klart at arbeidet i Sørbø og Utstein kyrkjer påverka meg. Ein blir prega av å ha arbeidsplassen sin i slike gamle sakrale rom.”

Medie-fokus

Harald og Torbjørg Grønnevik har to søner, Kjell og Øystein. Ein periode for nokre år sidan stod Øystein midt i mediefokusset då han nådde heilt opp i dei siste omgangane av ”Idol”, denne songtalentkonkurransen som vert arrangert av TV2.

”Det var jo både kjekt og spennande, men eg trur både me og han er glade for at han ikkje vann. Publisiteten i denne perioden blei i meste laget. Då han på denne tid gifta seg i kyrkja på Utstein kloster, gav han meg som vigselsprest i oppdrag å halda ”Se og Hør” på avstand. Eg lukkast berre delvis.”

Øystein er no lærar på Mosterøy og Kjell, eldstemann, arbeider som psykolog i Stavanger.

Men Harald måtte ta ei avgjerd for seg sjølv.

Til Sund

”Anten måtte eg fortsetja på Rennesøy tida mi ut, eller så måtte eg finna meg ein ny stad.”

Han valde det siste, og litt tilfeldig blei det altså Sund.

”Eg har vore så heldig med alle arbeidsplassane mine. Det har blitt fire stader der eg har kjent meg heime og hatt det godt.”


Og eg tenkjer at fire stader har blitt velsigna med ein dugande mann som har dumpa ned i samfunna deira og har fått utretta prestegjeringa si der fram gjennom desse åra. Vi ønskjer han lukke til vidare!

Ein sommar for nokre år sidan vann Harald Grønnevik limerick konkurransen i NRK Hordaland. Oppgava var å plassere orda Øye og Øl i diktet.

*En ung kapellan ifra Øye
med prekenen hadde slik møye
men etter fem flasker øl
og en masse med søl
fikk han endelig hjelp fra det høye!*



Torbjørg og Harald Grønnevik



BIBELDAGEN 2008

Han ville gjerne kjøpa ein Bibel til å ha i bilen, 30 – åringen Alexei, ein tidlegare stoffbrukar som såg seg om i bibelbutikken i Almaty i Kasakhstan. Men biblane var for dyre for han. Då vart Dag Smemo frå Det Norske Bibelselskap berginga hans. Dersom Alexei ville stilla opp til fotografering i bilen med Bibelen i handa, ymta Dag Smemo frampå at han skulle få lommebibelen han ynskte seg. Alexei tok strålende i mot tilbødet og fekk seg ein Bibel.

Tekst : Øyvind Veyle

Dette kan me lesa om i "Nytt om Bibelen" som kom til Bibeldagen i januar.

Dermed er midt inne i temaet for Bibeldagen i norske kyrkjelydar og forsamlingar i år: Biblar til folk i Sentral-Asia, nærare bestemt Kirgisistan, Usbekistan og Kasakhstan. Folk i desse landa efor ein stor del muslimar: 88% i Usbekistan, 75% i Kirgisistan

og 47% i Kasakhstan. Tilhøva for dei kristne er ulike: I Kirgisistan og Kasakhstan arbeider kyrkjene etter måten fritt frå styremaktene si side, men radikale muslimske grupper kan lokalt laga store problem for dei kristne. I usbekistan er kyrkjene under streng kontroll, protestantiske forsamlingar er forbodne i delar av landet, og det er skyhøge bøte for "illegal" religiøs verksemd, melder "Norsk misjon i øst". Dette rammar og muslimske grupper.

På Osterøy vart Bibeldagen markert på ei felleskristen samling i "Sion" på Bysheim søndag den 20. januar. Ein stor møtelyd var samla då Eva Lillejord innleia samværet med å lesa det gamle, men i høg grad aktuelle salmeverset:

Guds ord det er vår fedrearv,
til borna skal det ganga.
Den ætt som kjem lik den som
kvarv,
ved ordet trutt skal hanga.

Gud gjev og oss den ros:
Ditt ord det er vårt ljøs.
Så lenge verdi stend,
det lyse i vår grend
Som ærvegull i ætti.

Sokneprest Johannes Melve tala over Rom 10, 13-17 om utsending, forkynning, tru og frelse. Forkynning kjem ved Kristi ord. Bibelen har me fått slik som Gud ville at me skulle ha han.

Det var og song av syskina Hansen som høyrertil ein familie som har vore misjonærar i Kongo.

Det gode samværet vart avslutta med kaffi og kaker.

NATTERAVNENE PÅ OSTERØY

Tekst: Wenche Fiskeseth

Historien om natteravnene startet i Sverige, og de første gruppene i Norge startet etter deres eksempel i siste halvdel av 1980 – årene. Dette lokale initiativ var starten på det som skulle bli en landsomfattende bevegelse, og det opprettes stadig nye grupper. Disse har som mål og trygge nærmiljøet, og et ønske om å være til stede for barn og unge. Vesta Forsikring tok i 1995 en viktig strategisk beslutning som skulle vise seg å få store ringvirkninger. Selskapet ble hovedsamarbeidspartner for natteravnene i Norge. Samme året ble det undertegnet avtaler med syv grupper. Fra 1995 og fram til 2007 har natteravnarbeidet hatt en eksplosiv utvikling både i antall grupper og vandrere. Våren 2007 passerte bevegelsen 500 grupper, og over 300 000 mennesker har opplevd å gå som natteravn. Natteravnene er i dag Norges kanskje viktigste forebyggende arbeid og voldsforebyggende prosjekt blant barn og unge i forbindelse med helgefeiringen, og det største voksenopplæringsprosjektet.

Det er alltid behov for flere natteravnere, og ved å gå natteravn hjelper du andre samtidig som det gir deg verdifull kunnskap, mosjon og hyggelige møter med voksen og ung. Ved å delta som natteravn får du i tillegg til å bidra til et tryggere nærmiljø og bedre oppvekstvilkår blant unge, anledning til å diskutere med og lære av andre. Du får innblikk i barns verden utenfor hjemmets trygge vegger.

At foreldre og andre voksne går ut på sen kveldstid betyr at de kanskje for første gang får oppleve helgefeiringen på nært hold. Kunnskapene de tilegner seg får de i første omgang bruk for når de sammen med barn skal sette grenser.

Det er ufarlig å være natteravn. Natteravnene nyter stor respekt og tilbakemeldingene er positive, både fra eldre og unge. Det er alltid behov for synlige voksne der det ferdes unge – også i områder "uten problem".

De nordiske landene har et felles nordisk natteravnråd, med representanter fra de ulike landene. Natteravnene har ti viktige regler:

1. Vær fordomsfri
2. Vær åpen
3. Behandle alle likt
4. Vær blid og vennlig.
5. Vær hjertelig.
6. Gi mye ros
7. Vis interesse.
8. Vær forsiktig.
9. Lytt.
10. Hjelp.

Følger man disse reglene, kan vi love deg positive opplevelser på dine vandringer. Natteravnene er helt alminnelige voksne som observerer og hjelper etter behov fra ungdommen. De skal ikke blande seg inn i uroligheter, oppdra eller virke moraliserende. Men alvorlige problem skal henvises til foreldre, politi eller annen kvalifisert hjelp.

Natteravnene bør danne grupper på tre og ha begge kjønn representert når de er ute. Natteravnene skal aldri gripe inn i hendelser av kriminell karakter, men melde dette til det lokale politiet som det er viktig å ha et godt samarbeid med.

Wenche Fiskeseth er dagleg leiar for Osterøy Frivillighetssentral, som blei oppretta 10.03.1998 og har kontor i Lonevåg. Sentralen har altså tiårsjubileum i desse dagar. Ein viktig del av Frivillighetssentralen sitt arbeid er å organisere natteravnstena.

Vandringane er lagt opp på frivillig basis, ein bestemmer sjølv kor ofte og når ein vil gå. Det er aktive grupper i Fotlandsvåg, Hosanger, Lonevåg, på Valestrand og Haus. Wenche fortel i dette innlegget om natteravnane sitt arbeid, og ber alle som måtte fatte interesse etter å ha lese innlegget om å ta kontakt.



MEDARBEIDERSAMLING FOR SOKNERÅD OG KYRKJELEGE TILSETTE

Kvar vinter arrangerer Osterøy kyrkjelege felleråd ei medarbeidersamling. I år var møtet 9.februar på Valestrand bedehus, og Hamre sokneråd hadde ansvaret for det praktiske.

Tekst og foto: Kristoffer Foldøy

Først vart forsamlinga, om lag tretti i talet, med på *Morgonsong*. Det var dei to kyrkjemusikarane saman med dei to prestane våre som leia. Etter ein kaffipause tok Inge Sørheim tak i det eine emnet på køyreplanen for dagen: *Kyrkja på Osterøy og samarbeid med andre kyrkjesamfunn*. Inge hadde ei innleing om kva som ligg i uttrykket *økumenikk*, ulike samarbeidsformer på tvers av kyrkjesamfunnsgrenser. Etterpå vart det ein debatt om kor flinke vi i den norske kyrkja lokalt er til å samarbeida med andre grupper på Osterøy. Kva skal til før vi gjer det, og kva motforestillingar har vi til slikt arbeid? Det kom opp forslag om ei samling for leiarane i dei ulike kyrkjesamfunna, der ein kunne lufta idear kring felles arrangement og anna. Vegen vidare må gå gjennom dialog.

Etter matøkta informerte Helge Kolstad om *samarbeidsprosedyrar mellom sokneråd og felleråd når det gjeld bruk av kyrkjene*. Prosedyrane er tufta på reglane i kyrkjelova og praktiske løysingar vi har funne ut av lokalt. Medan det er dei ulike sokn som eig kyrkjene, er det fellerådet si oppgåve å sørgja for vedlikehald, reinhald, oppvarming, tryggleik og anna som vedkjem drifta.

Vi brukte litt tid på å gå gjennom praksis for ulike arrangement. Helge skilde mellom interne og eksterne, dei interne er kyrkja sine eigne medan eksterne er når kyrkja blir brukt av utanforståande til arrangement. Ved utleige har ein rekna ut ein sjølvkostpris. Og ved inntektsgeivande arrangement, konsertar og liknande, nyttar ein minstepris, eller eventuelt 10% av billettinntekta dersom denne overstig minsteprisen.

Vidare presenterte "Kyrkjehelsing" sin nye redaktør planane framover, og Olav Meltvik vart heidra med applaus for arbeidet han har lagt ned som bladansvarleg. Etter litt aktuell informasjon frå Helge Kolstad og Roger Breivik kunne sistnemnde takka dei frammøtte for ein innhaldsrik dag, før vi song ein salme til avslutting.



Fellerådsleiar Roger Breivik ønskjer velkommen til medarbeidersamling.

Vandring gjennom Bibelen - kurs i Bibelkunnskap


Formål:

Å fremja bibelglede og auke bibelkunnskap

Kurset gjev deg:

- Oversikt over dei viktigaste hendingane i GT/NT
- Presentasjon av bibelske personar og stader
- Dei store linjene i bibelforteljingane
- Nøkkelord til dei ulike bøkene

Vandring gjennom Bibelen vert administrert av
Det Norske Bibelselskapet



Er du interessert i å ta del i eit kurs?

**Kontakt Madli Hannisdal
Tlf: 56 39 43 21 - 913 30 928**



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy prestegjeld

MARS

4. søndag i faste, 2. mars 2008:

Joh 6,24-36; 2 Mos 16,11-18; 1 Kor 10,1-6

Gjerstad kl. 11: Høgmesse. Brynjulf Melve.
Nattverd. Takkoffer til Normisjon

Hosanger kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til Normisjon.

Maria Bodskapsdag, 9. mars 2008:

Luk 1,46-55; Jer 33,14-17; Ef 1,3-6

Haus kl. 11: Familiemesse. Nattverd. Melve.
Avslutning for dåpsskulen.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til Strømmestiftelsen.
Årsmøte for kyrkjelyden etter
gudstenesta. Kyrkjekaffi.

Fredag 14. mars 2008:

Hosanger: Skulegudsteneste. Sørheim.
Innsamling av fastebøsser.

Palmesøndag, 16. mars 2008:

Joh 12,12-24; 2 Mos 12,21-28; Hebr 2,14-18

Gjerstad kl. 11: Familiemesse. Nattverd. Sørheim.
Avslutning for dåpsskulen. Takk -
offer til Bergen søndagsskulekrets.

Skjærtorsdag, 20. mars 2008:

Joh 13,1-15; Jes 53,1-5; 1 Kor 11,23-26[27-29]

Osterøytunet kl. 11: Nattverdgdusteneste. Sørheim.

Bruvik kl. 18: Nattverdgdusteneste. Melve.

Hosanger kl. 19: Påskemåltid/nattverdgdus -
teneste. Sørheim. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet.

Haus kl. 20: Nattverdgdusteneste. Melve.
Takkoffer til Normisjon

Langfredag, 21. mars 2008: Joh 18,1-19,30

Haus kl. 11: Pasjonsgudsteneste. Melve.
Hamre kl. 11: Pasjonsgudsteneste. Sørheim.

Påskennatt/ottesang, 22.-23. mars 2008: Luk 24,1-12; 2 Mos 14,1-22; Rom 6,3-8

Hamre kl. 23: Midnattsmesse. Nattverd. Sørheim
og Melve.

Påskedag, 23. mars 2008: Joh 20,1-10; Jes 25,8-9; Rom 6,9-11

Gjerstad kl. 11: Høgtidsgudsteneste. Sørheim og
Melve. Osterøy kyrkjekor.
Takkoffer til Kyrkjehelsing.

1. søndag etter påske, 30. mars 2008: Joh 21,1-14; Sal 116,1-9; 1 Kor 15,12-21

Haus kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Vikarprest.
Takkoffer til Sjømannskyrkja. Årsmøte
for kyrkjelyden etter gudstenesta.

Hosanger kl. 19: Høgmesse. Nattverd. Ryland.

APRIL

2. s. e. påske, 6. april 2008:* Sal 23; Hebr 13,20-21; Joh 21,15-19

Hamre kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til KRIK (Kristen
idrettskontakt).

3. søndag etter påske, 13. april 2008: Joh 14,1-11; Sal 126; 2 Kor 4,14-18

Gjerstad kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer. Årsmøte for kyrkjelyden
etter gudstenesta.

Torsdag 17. april 2008:

Haus kl. 19: Samtalegdusteneste. Ryland.

Hosanger kl. 18: Samtalegudsteneste. Sørheim.
4. søndag etter påske, 20. april 2008: Joh 15,10-17; Jes 1,18-20; 1 Joh 4,10-16

Bruvik kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Melve. Osterøy kyrkjekor. Årsmøte for kyrkjelyden etter gudstenesta.

Torsdag 24. april 2008:

Gjerstad kl. 19: Samtalegudsteneste. Ryland.

Hamre kl. 17: Samtalegudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

5. søndag etter påske, 27. april 2008: Matt 6,6-13; Dan 6,4-12; Rom 8,24-28

Haus kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Ryland.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hosanger kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

MAI

Helgetorsdag (Kristi himmelfartsdag) 1. mai 2008: * Hebr 2,5-9; Sal 110,1-4; Apg 1,1-11

Haus kl. 11: Høgmesse. Nattverd. Melve og Sørheim. Takkoffer til KRIK.

Laurdag 3. mai 2008: Joh 17,9-17; Sak 14,7-9; Ef 4,1-6

Gjerstad kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Melve. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

6. søndag etter påske, 4. mai 2008: Joh 17,9-17; Sak 14,7-9; Ef 4,1-6

Gjerstad kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Melve. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Pinsedag, 11. mai 2008: Joh 14,15-21; Joel 3,1-2; Ef 2,17-22

Bruvik kl. 11: Konfirmasjonsgudsteneste. Ryland. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Hosanger kl. 11: Høgtidsgudsteneste. Sørheim.

Andre pinsedag, 12. mai 2008: Joh 6,44-47; Esek 11,19-20; Apg 2,42-47

Hamre kl. 11: Høgtidsgudsteneste. Melve og Sørheim. Takkoffer til kirkens SOS i Bjørgvin. Osterøy kyrkjekor. Kyrkjekaffi.

Grunnlovsdag, 17. mai 2008: Joh 12,35-36; 5 Mos 30,19-20a; Fil 3,12-16

Haus kl 10: Festgudsteneste. Takkoffer til Kirkens Bymisjon.

Bruvik kl. 11: Festgudsteneste. Takkoffer til Redd Barna.

Gjerstad kl 12: Festgudsteneste.

Hamre kl 10: Festgudsteneste. Takkoffer til kyrkelydsarbeidet.

Hosanger kl. 12: Festgudsteneste

2. s. e. pinse, 25. mai 2008: Luk 12,13-21; Fork 12,1-7; 1 Tim 6,6-12

Raknestunet kl. 11: Familiegudsteneste. Sumar avslutning for søndagsskulelane. Takkoffer til Osterøy søndagsskulelag. Sokneprest Ingvard Hageberg.

**Kyrkjelaget sin basar i Haus vert
1. mai klokka 16.000**

Slekters gang

BRUVIK

Døypte:

03.02. Adrian Høylo Glesnes (Fjell sokn)

Vigde:

30.11.07 Perla Vanessa Roldan Sanchez og Øystein Mo

Gravlagde:

24.10.07 Marie Bruvik (f.1922) Jordfesta

20.01.08 Johan Kåre Olsnes (f.1925)

HAUS

Døypte:

02.12.07 Daniel Eliassen-Bjerkli (Åsane kirke)

25.12.07 Lisa-Marie Gundersen

06.01.08 Alexander Steine (Gjerstad sokn)

Gravlagde:

06.12. 07 Mons Haukenes (f. 1928)

09.01. 08 Liv Olaug Storevik (f. 1933) Bisettelse

24.01.08 Martha Skår (f. 1909)

GJERSTAD

Døypte:

20.01. Aron Tysse Låstad

20.01. Julie Helland Rønnestad

Gravlagde:

14.12.07 Lars Kallekleiv (f. 1915)

HOSANGER

Døypte:

02.12.07 Filip Helle

03.02. Helena Haga (Fyllingsdalen sokn)

03.02. Andrea Angell Tyssebotn (Hamre sokn)

03.02. Iselin Saue Hanstvedt

Eit fint sommarminne

I slutten av juni 2007 reiste kona mi og eg på tur til Vesterålen og Lofoten. Været var som kjent svært bra i nord. Ein dag køyrde me rundt Vestvågøy, med ein natur som kunne ta pusten frå nokon kvar. Og der på turen såg me oppe på ein høgde ei høgrest kyrkje. Tårnet kunne minna om eit hopptårn, men elles var det ingen samanlikning. Det var Borge kirke me stod ved sida av, vigsla i 1987.

Kyrkja er bygd i betong med limtre i takkonstruksjonen. Kyrkja var svært stor og hadde 350 til 450 sitjeplassar i fylgje den vesle foldaren eg fann. Eg håpte at døra var open og det var ho. Me kom inn i vestibylen (våpenhuset) som var eit svært rom der ein kunne få med seg sofa om kyrkjene som hadde vore der. Me kunne lesa at den førre kyrkja bygd i 1898 brann ned i ein vinterstorm februar 1983. Her i vestibylen var det eit trerelieff i furu med motivet "Den barmhjertige samaritan" laga av kunstnaren Sivert Donali. Kyrkjeskipet var stort, men enkelt. I front var det eit alterbilete som fengsla ein.

Eit vevd teppe i ulike blåtonar i bakgrunnen, og i front den oppstandne Kristus som peikar oppover medan høgrehanda peikar rett ut av teppet og viser krafta i naglemerka hender.

Bakgrunnen i motivet er nordlyset. Teppet har 2100 trådar og er vevd av tekstilkunstnaren Else Marie Jakobsen. Orgelet var plassert i ei nisje framme ved koret og hadde kyrkja si form. Elles var det eit vakert glasmaleri til venstre i koret med mange bibelske motiv. Ein liten faldar om kyrkja kjøpte eg med heim slik at minnet lever om den vakre dagen på Vestvågøy.

Tekst og foto: Rolf Kalland



ETTER EIT KYRKJEMØTE

-Kommentar ved Øyvind Vevele

Fredag den 16. november 2007 vedtok kyrkjemøtet for Den norske kyrkja at homofile samlevande kan ha vigsla stillingar i kyrkja. Det har lenge vore kjend at mange innan kyrkja – også på leiarplan – har dette synet, men no fekk det kyrkjeleg legitimitet ved eit vedtak med etter måten stort fleirtal på kyrkjemøtet. Dette vedtaket synleggjer truleg ei djup splitting i tilhøvet til Bibelen og kyrkja si vedkjenning blant lek og lærd innan kyrkja vår. Debatten som har vore etter vedtaket, viser det.

Det synest meir enn merkeleg når kyrkja også skal ha det gamle synet at homofilt samliv er synd – nemlig i dei bispedømme der det er ein bisp som står for det. Då kan noko som er rett i eit bispedømme vera synd i eit anna, og det innanfor den same kyrkjeorganisasjonen. Då må ein med god grunn kunna spørja om kyrkja vår har kome i strid med seg sjølv. Er sanninga delt så ho vekslar alt etter kvar i landet ein bur? Bibelen kallar homofilt samliv for ”skammeleg utukt”(Rom 1.26)

I følgje Bibelen og vår evangelisk – lutherske truvedkjenning er alle menneske i seg sjølve fortapte syndarar. Men Jesus har tatt syndene våre på seg og sona dei då han i vår stad leid og døydde på krossen. Det er difor frelse for alle som vender om frå syndene sine anten det gjeld mord, misunning, vinnesjuka, vondskap, skammeleg utukt, baktale, svik eller kva andre slag synder og laster me måtte ha. Alle ærlege har vel sitt å stri med. –Kom til meg, sa Jesus, alle som slit og har tungt å bera....-Det er dei sjuka som treng lækjar, for å bruka Frelsaren sine eigne ord. Og så har ikkje nokon av oss grunn til ”å setja oss på vår høge hest” og seia at me får det til å leva som gode kristne. Alt er av nåde. Men me kan ikkje velja ut einskilde synder som me vil halda fast ved ”fordi eg er slik”. Det er å forherda seg. Men menneskenaturen er veik. I møte med boda og formanigane i Bibelen, lova, har me alle berre eit einaste håp: Jesu soning for syndene våre. Men det er og nok for alle som trur, og som vender om frå syndene sine og trur evangeliet.

OSTERØY KYRKJEKOR - ÅRSMELDING 2007

Koret song ved desse høva:

Hamre 21. januar kl. 11. Høgmesse. Innsetjing av sokneprest Inge Sørheim.

Hosanger 25. februar kl 11. Høgmesse. Sørheim.

Osterøytunet onsdag 7. mars kl. 16.30. Minikonsert.

Haus 11. mars kl. 11. Familiemesse.

Gjerstad 8. april kl 11. Påskedag. Høgtidsgudsteneste.

Bruvik 6. mai kl. 11. Konfirmasjonsgudsteneste.

Hamre 2. pinsedag, 28. mai. Høgtidsgudsteneste.

Gjerstad 9. september kl. 20. Konsert: Evergreens frå Kanaan.

Hamre 14. oktober kl. 11 Familiegudsteneste

Haus 4. november, helgemessesundag kl. 11. Høgmesse.

Bruvik 18. november kl. 17. Familiegudsteneste.

Hosanger 2. desember kl 11. Høgmesse eller familiemesse.

Gjerstad 26. desember, 2. juledag kl. 11. Høgtidsgudsteneste.

Koret talde 21 songarar

Dersom du vil vita meir, kan du kontakta dirigent

Liv Skoglund,

leiar Reidun Vevele (tel 56 39 22 71) eller nokon

andre i styret: Sigrun Raknes (tel 56 39 45 05)

Terje Raknes (tel 56 39 42 86)

Roger Breivik (tel 56 39 23 36)

Osterøy kyrkjekor



Ensemble FilosThule

Konsert i Hamre kyrkje

langfredag kl. 22.00

Joseph Haydn har skrivt ein strykekvartett som heiter:

“Dei sju siste orda til vår frelsar på krossen”

Den vil bli framført i Hamre kyrkje av det nystarta «Ensemble FilosThule».

“Ensemble FilosThule” er musikarane Dag Anders Eriksen og Kjell Tomter på fiolin, Hans Gunnar Hagen på bratsj og Bodil Erdal på cello. Til dagleg arbeider dei i Bergen Filharmoniske Orkester og Den Norske Operas Orkester.

Kristoffer Foldøy vert tekstlesar.

Haydn sitt verk er laga spesielt for langfredag. Før kvar sats lesast orda Jesus sa då han hang på korset. Musikken vil derfor fungere som meditasjoner over den leste teksten.


Satsane har fått namn etter den evangelieteksten dei høyrer saman med:

- Far, tilgjev dei, for dei veit ikkje kva dei gjer (Lukas)
- Sanneleg, det seier eg deg: I dag skal du vere med meg i Paradis (Lukas)
- Kvinne, det er son din (Johannes)
- Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg? (Matteus)
- Eg er tyrst (Johannes)
- Det er fullført! (Johannes)
- Far, i dine hender gjev eg mi ånd. (Lukas)

Tilslutt kjem satsen “Il Terremoto” – jordskjelvet, som Matteus skriv om, då tempelforhenget rivnar.

Det er Hamre sokneråd som er tilskipar for konserten, inngongspengar er kr 100. Konserten varer ca. 80 minutt.

- Liv Skoglund



“Kyrkjehelsing” har frå dette nummeret av fått fargetrykk på alle sidene, og ser litt annleis ut på andre måtar og enn tidlegare. Som ny redaktør prøver eg å byggja vidare på det beste forgjengaren min gjen nom ti år, Olav Meltvik, kom fram til. Samstundes har eg nokre nye idear eg har lyst å prøva ut. Den digitale tidsalderen vi lever i opnar for nye løysingar både på oppsett av tekst og ikkje minst bruk av bilete. Eg vonar lesarane ser på dette som ei forbetring. Kyrkjebladet skal koma ut med fem nummer i 2008. I tillegg til dette påskenummeret kjem det eit nummer ut kring 20.april, og eit omlag 20.juni. Så kjem eit nummer ut sist i september og så eit julenummer kring 1. desember.

Frist for innsending av stoff til aprilnummeret er
04.04.08

Send gjerne på e-post: kristofferfo@gmail.com

eller send til:
Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.

- Kristoffer Foldøy